



## Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2017.

I 2017 hadde Ålvik Sokneråd 8 møter. Medlemmane er Ida Lindøe, Ester Hauger, Borghild Sofie Lygre, Eva Margrethe Oppen, Merete Salvesen Wallevik, Jannike Dahle Augestad, Lillian Aga, Øyvind Larsen og sokneprest Lars Arne Vik. Vara er Rune Hjøllø, Kjell-Ove Kvåle, Ann-Karin Aarvik Nilsen, Guro Rosseland.

Leiar er Ida Lindøe

Skrivar er Jannike Dahle Augestad

Kasserar er Lillian Aga

### **Gudstenester**

I 2017 vart det halde 18 gudstenester, frammøtte 1111 personar. Det har vore 5 gudstenester med nattverd. 6 born er døypte. Det var 8 konfirmantar, ingen vigsel og 10 gravferder.

### **Andaktar**

Det har vore 14 andaktar på Ålvik Pensjonistheim ved seniorprest Dag Endre Hansen og sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet takkar dei for innsatsen.

### **Kyrkjetreff**

Det har vore 6 ettermiddagstreff med talar/foredrag, med musikk og matøkt. Også i år er det Liv Hildegunn Lygre som legg til rette for desse gode ettermiddagstreffa. Om lag 20 personar deltek kvar gong. Organiseringa av ettermiddagstreffa står sokneprest Lars Arne Vik for. Ein stor takk for innsatsen til begge!

### **Konsertar**

Det vart halde julekonsert 17. desember der Kor i alle dagar leigde kyrkjelokalet og hadde all regi av denne konserten.

### **Kyrkjeleg fellesråd**

Ålvik Sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd er Ida Lindøe og Eva Margrete Oppen. Vara representane er Borghild Lygre og Ester Aalvik Hauger. Rådet har halde 6 møter. Sjå elles eige årsmelding for fellesrådet.

### **Konfirmantarbeid**

Fasteaksjon 2017 var 4.april. Soknerådet organiserte innsamlinga og konfirmantar med nokre foreldre samt 2 representantar frå soknerådet var bøsseberarar og hjelp til med køyring.

Samtalegudstenesta vart halde 23.april og soknerådet laga til konfirmantfest på Ålvik Pensjonistheim i etterkant av gudstenesta. Her vart det servert varm mat, kaffimat og program. Me hadde med ein elev frå Framnes som hjelp til med program. Soknepresten leia samlinga.

Det er sokneprest Lars Arne Vik og Katekèt Marna Roer som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik.

### **Trusopplæringstiltak**

Det er tilbod om babysong felles for Kvam i Norheimsund kyrkje.

Det har vore utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok (inkludert førsamlingar).

Me har hatt lys våken for 5. -7. klasse 19.-20. november. Der fekk borna ei overnatting i kyrkja og opplæring av kyrkjerommets si oppbygging og oppleving av å vere der.

Konfirmant: omtalt tidligare i årsmeldinga. Ålvik sokneråd gav konfirmantane nye testamentet og smykke med steinkors i gåve.

I Ålvik barnekor var det på det meste 10 born. Det var 19 øvingar i løpet av 2017 og deltok på 7 gudstenester inkl. julekonserten. Dirigent: Jannike Dahle Augestad, Pianist: Inger Dysvik.

Ålvik Sokneråd vill satse på å få auka deltaking i dei vanlege søndags gudstjenestene. Det er til dels svært få deltakande pdd. Her ber me kyrkjelyden om gode innspel til auka deltaking. Me vil be barnekoret syngje meir på gudstjenestene, lage til meir song og musikk og arrangere fleire felles gudstjenester for heile kommunen saman. Fortsette å invitere 50 års jublantane for konfirmasjon til ei fast gudstjeneste i året og auke antall gonger kyrkjekaffi. Dette for å prøve å auke deltakinga på gudstjenester. I 2017 investerte fellesrådet og soknerådet saman om ein stor TV skjerm til kyrkjerommet. Denne skal verte nytta til ma konfirmantundervisninga.

Soknerådet vil ferdigstille sin del av diakoniplanen i løpet av vinteren 2018. Me har starta med tilbod om at ein også kan tinge kyrkjeskiss til ettermiddagstreffa.

Ved dei ordinære gudstjenestene stiller soknerådet også med kyrkjeskiss.

### **Sluttkommentar**

På vegne av soknerådet takkar eg for året som er gått. Frå september 2017 har undertekna vore fungerande soknerådsleiar .

På vegne av soknerådet, 06.03.2018

Ester Aalvik Hauger, fungerande soknerådsleiar